



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: Bismo
Dato: 18.06.2024
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 26/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 27/2024	Orienteringar		
ST 28/2024	Referatsaker		
ST 29/2024	Delegerte saker		
DS 40/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Einstullie NR - kartlegging og innsamling av lav og sopp - Norsk Lavforening		2024/5727
DS 41/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - helikopter - lavtflyging i forbindelse med kalvetelling av villrein - Norsk villreinsenter		2024/6605
ST 30/2024	Trollstigen lvo - Dispensasjon - anlegge rasteplass, parkering og naturrestaurere -2024 - Slettvikane		2020/10986

ST 26/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar
ST 27/2024 Orienteringar
ST 28/2024 Referatsaker
ST 29/2024 Delegerte saker
DS 40/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Einstullie NR - kartlegging og innsamling av lav og sopp - Norsk Lavforening 2024/5727
DS 41/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - helikopter - lavtflyging i forbindelse med kalvetelling av villrein - Norsk villreinsenter 2024/6605



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	30/2024	18.06.2024


Trollstigen Ivo - Dispensasjon - anlegge rasteplass, parkering og naturrestaurere -2024 - Slettvikane

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 bokstav l) får Møre og Romsdal Fylkeskommune dispensasjon til å oppgradere parkeringsplassen på vestsida av vegen og naturrestaurere parkeringsplassen på austsida av vegen ved Slettvikane.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomføres innen utgangen av 2025.
- Landskapsplan (alternativ 3 i saksutgreiinga) skal følgjast, om ikkje anna er bestemt i felt med nasjonalparkforvaltar:



- Naturrestaureringa skal skje i samsvar med plan for naturrestaurering på Slettvikane som er laga på bestilling frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Nasjonalparkforvalter vil ettersende naturrestaureringsplan når denne er ferdig. I dette inngår det å ta torv frå området til bruk i naturrestaureringa.
- Driftsgarasje til M og R Fylkeskommune skal fjernes ut av landskapsvernområdet.
- I forkant av tiltaket skal lokalt SNO ved Thomas Rødstøl (tlf: 915 47617) kontaktast for å kunne bli med og gje råd når arbeidet startar.
- Viss naturverdiane i verneområdet blir forringa som følgje av tiltaket, kan forvaltningsstyresmakta krevje at toalettet blir fjerna og at parkeringsplassen blir stengt.


Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar og kommunen.

--- slutt på innstilling ---


Dokument i saka

- Reguleringsplan og føresegner for Slettvikane, Norddal kommune 05.10.09
- Grunneieravtale – drift og vedlikehald av toalett på Slettvikane, 29.03.23 (vedlagt)
- Planskisse av ny rasteplass på Slettvikane, Arkitekt MNLA Berge Hjørungnes 03.07.18
- Sak2020/10986Trollstigen LVO - Dispensasjon - oppsetting av toalett på ny rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane - Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Førebels uttale til to alternative landskapsskisser frå grunneigarlaget. 22.11.2023
- Landskapsplan frå Henning Larsen 08.12.2023. (vedlagt)
- Vedtak i Formannskapet Fjord kommune - 006/24, 25.01.2024: Uttale i landskapsplan for Slettvikane.

Saksopplysningar




Utsnitt frå norgeskart: Slettvikane ligg i Fjord kommune i ved Nasjonal turistveg mellom Åndalsnes og Geiranger.



Google earth bilete av parkeringsplassane på Slettvikane.

I 2009 fekk Fjord kommune (då Norddal kommune) uttarbeidd ein reguleringsplan for Slettvikane. I reguleringsplana er det vedtatt at vestsida av vegen skal være trafikkområde (parkeringsplass) og på austsida av vegen regulerast til spesialområde naturvern.



REGULERINGSFØRESEGNER

For Reguleringsplan Slettvikane rasteplass, Norddal kommune


§ 1 1. 1	<p>Planens formål:</p> <p>Legge til rette for opparbeiding av ein trafikktrygg rasteplass med toalettanlegg og trafikkstasjon i den noverande gropa etter tidlegare masseuttak på vestsida av riksveg 63, ved Slettvikbrua.</p>
-------------------	--

1.2 Gjennom beskriving og føresegner legge tilhøva til rette slik at plassen med bygningar og fasilitetar kan bidra til å hindre forureining og unødvendig slitasje på ein sårbar og verdifull del av norsk natur.

1.3 La rasteplassen med bygningar, fasilitetar og preg vise norsk natur, byggeskikk, natur og miljøvern og forvaltningsskikk på ein positiv og tiltalende måte.

Det har lenge vært eit ønske frå grunneigarane å få satt opp eit toalett på Slettvikane, for å få bukt med forureining og forsøpling.

I 2018 fekk Fjord kommune etablert ei landsskapskisse frå MNLA arkitektar med illustrasjonsteikning på den nye parkeringsplassen med toalett.



Reinheimen nasjonalparkstyre har i fleire år gitt tiltaksmidlar til oppføring av toalett på Slettvikane, men avtale om drift kom fyrst i 2023 der Møre og Romsdal Fylkeskommune tok på seg drift av toalettet om dei la ned toalettet ved Øvstestølen.

I 2023 ga nasjonalparkstyret positivt vedtak om oppsetting av toalett på Slettvikane med vilkår om at Fylkeskommunen skulle detaljprosjekttere den nye parkeringsplassen. I løpet av sommaren 2023 kom toalettet opp og hausten 2023 vart det utarbeidd skisser til

landskapsplan på Slettvikane av arkitektkontoret Henning Larsen AS. Fyrst vart det utarbeid to alternative landskapsskisser der den eine la til rette for bilparkering og den andre ikkje.

Alternativ 1



Alternativ 2



Desse alternativa vart lagt fram for grunneigarane og tilbakemeldingane derfrå var at det var sett av for liten plass til parkering, dei sakna ein parkeringsplass for bussar og bubilar og ynskte skilting til toalett.

Fjord kommune hadde oppgradering av parkeringsplassen på Slettvikane oppe til sak i formannskapet i desember 2023 der vedtaket var som følger: *Fjord kommune ønsker alternativ 2 der ein i større grad legg opp til personbilverking. Eventuelle mindre endringar i landskapsplanen kan avklarast med Kommunedirektøren.*

Saksvurdering og konklusjon:

Alternativ 1 vil i praksis legge opp til att mange fleire kan nytte Slettvikane til bobilovernatting. Om det er uønskeleg vil det krevje skilting og at kommunen fører tilsyn på området. Ved alternativ 2 vil det vere tiltrettelagt for nokre bubilplassar 2-4, og så må ein rekne med at det kan bli parkert utanfor oppmerka områder også.


Adminstrasjonen vurderer det slik at det er flest føremonn med alternativ 2 som legg opp til personbilverking.

Føremonn med alternativ 2.

- *Bobilar bør i størst mogleg grad oppfordrast til å nytte lokale campingplassar i staden for camping langs vegen.*
- *Bobil parkering vil krevje eit større fotavtrykk, og det blir mindre bredde med kantvegetasjon langs elva.*
- *Lokale som nyttar området til eit utfartsområde for turar har betre nytta av tilgjengeleg bilparkering enn bobilparkering. Ulemper med alternativ 2.*
- *Bobilar kan fremdeles komme ned på parkeringsplass, mindre manvøreringsplass med alternativ 2 kan då medføre uheldig parkering/trafikk situasjonar. Desse potensielle ulempene vil ikkje oppstå med alternativ 1.*

Ei alternativ landskapskisse er utarbeid der ein tar omsyn til nokre av innspela. Det er der ikkje lagt til rette for bobilparkering, men det er stor nok plass på parkeringa til at forbi-passende bobilar kan parkere der.

Alternativ 3



Landskapsplan 1:250(A1)

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnavn: Slettvikane rasteplass

Prosjektfase: Detaljprosjektering
Dato: 05.12.2023

Tegnet: WECH
Kontrollert: JOL

Henning
Larsen

Søknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune

Søker om anleggsarbeid på Slettvikane i sommer 2024 i henhold til vedlagt skisse. Det skal utarbeides parkeringsplass med rastefasiliteter. Eksisterende parkeringsplass skal fjernes og revegeteres.



Plussmålning: ark 1:250(A1)

Spesifikasjon: Statens vegvesen
Oppdragsnavn: Slettvikane rasteplass

Prosjektfasen: Detaljprosjektering
Dato: 06.12.2023

Tegnet: WFCB
Kontrollert: JOL

Henning
Larsen



Landskapsplan 1:250(A1)

Oppdragsgiver: Statens vegvesen
Oppdragsnavn: Slettvikane rasteplass

Prosjektfasen: Detaljprosjektering
Dato: 06.12.2023

Tegnet: WECH
Kontrollert: JOL

Henning
Larsen

Planen er å revegetere dei grønne felta og definere tydeleg områda der bilane kan stå parkert.



Bilete frå parkeringsplassen på vestsida, der det har vore grusuttak. Foto: Mari Melbø Rødstøl



Bilete frå parkeringsplassen på austsida med infopunkt og garasje. Foto google earth.



Bilete frå synfaring der det vart bestemt kor toalettet skulle stå. Foto: Mari Melbø Rødstøl



Nytt toalett på Slettvikane. Foto: Arne Sandnes

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med Trollstigen landskapsvernområde er å ta vare på eit:

- særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

(Verneforskrift § 2)

I følgje verneforskrift § 3, pkt. 1.3, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

- 1) *Tiltak i samband med opparbeiding av rasteplass i tilknytning til vegen ved Slettvikane.*

Det er tatt høgde for opparbeiding av rasteplass i verneforskrifta og eit toalett er eit vanleg tiltak i samband med opparbeiding av rasteplassar ved vegen.

Forvaltningsplan

Gjeldande forvaltningsplan har teke høgde for at det er behov for å opparbeide rasteplass i tilknytning til vegen ved Slettvikane, men det er ikkje spesifisert kva type konkrete tiltak som omfattar bygging av rasteplass.

Anna kommersiell utnytting i området § 3 pkt 1.3 l, 4.1, 4,2 og 4.3.

Det kan søkjast om bygging av rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane gjennom prosjektet Nasjonal Turistveg.»

S 73 frå Forvaltningsplan til Trollstigen Ivo

Området bør i framtida halde på den låge graden av tilrettelegging for å ta vare på kultur- og naturlandskapet. Samtidig må ein ta hand om og leggje til rette for ferdsla som den store trafikken langs Rv 63 kan gje, og som ein del kommersielle aktørar kan ønskje å leggje til rette for. Området har stor opplevingsverdi som er knytt til den låge tilretteleggingsgraden. Av omsyn til villrein i området er det heller ikkje ønskjeleg med større innretningar og ferdsel som kan forstyrre dyrelivet.

S 75/76

Det finst ikkje oppstillingsplass for bubilar og campingvogner i verneområdet i dag. Desse visast til Langdal Bubilcamp langs Rv 63, rett sør for landskapsvernområdet. Det er også plass for bubilar og campingvogner rett nord for landskapsvernområdet. Enkelte grunneigarar ønskjer slik oppstillingsplass på Slettvikane.

S 76

Oppstilling og parkering av campingvogner og bubilar § 3, pkt 1.2 d

Innafor landskapsvernområdet er det ikkje høve til slik oppstilling. Det blir vist til campingplassar utafor landskapsvernområdet. (kart 10). Parkering for kortare opphald som ikkje inneber overnatting, kan skje langs vegar som er opne for motorferdsel.

Anna kommersiell utnytting i området § 3 pkt 1.3 l, 4.1, 4,2 og 4.3.

Folk som driv organisert ferdsel i og gjennom området, skal setje seg inn i gjeldande vernereglar og må rette seg etter dette. Vernereglane legg ikkje band på slike aktivitetar, med mindre dei skadar verneverdiane (til dømes dyre- og plantelivet), eller Direktoratet for naturforvaltning etter nærare avgrensing regulerer eller forbyr ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet. Den organiserte verksemda kan halde fram, så fram aktiviteten ikkje er til skade for verneverdiane i området, jf retningsliner for organisert ferdsel (pkt. 6.4.). For tilrettelegging for friluftsliv i samband med reiselivsverksemd, sjå avsnitt 6.4. For tiltak på bygningar gjeld retningsliner under pkt. 6.3 Bygningar. Det kan søkjast om bygging av rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane gjennom prosjektet Nasjonal Turistveg.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf.

Vurdering

Slettvikane ligg ved Nasjonal turistveg Geiranger – Trollstigen, fylkesveg 63. Denne vegen kan på ein sommarsesong ha eit besøkstal opp mot ein million. Vegen er vinterstengd men på sommarstid er Slettvikane nytta som turområde for både lokale og regionale besøkande.

I besøksstrategien til Reinheimen NP er Slettvikane definert som eit informasjonspunkt. Det er i dag infotavler ved garasjen til Fylkeskommunen på parkeringsplassen på austida av vegen. På vestsida av vegen har det vært eit grusuttak og dette området blir også nytta til parkering i dag. I forvaltningsplanen for Reinheimen NP er Slettvikane (vestsida av vegen) definert som eit område der ein kan ta ut masse.

Rasteplassen på Slettvikane har ein lang historikk og har vore på dagsorden i Nasjonalparkstyret for Reinheimen kvart år, etter innspel frå grunneigarane i området som opplever forsøpling på Slettvikane pga. manglande toalettløysning.

Med bakgrunn i problematikken i området har Norddal kommune (no Fjord kommune) i 2009 utarbeidd ein reguleringsplan for Slettvikane rasteplass og i 2018 eit skisseforslag til ny rasteplass. Finansiering og avtale om drift av toalett og parkeringsplass kom fyrst i 2023.

I 2023 ga nasjonalparkstyret positivt vedtak om oppsetting av toalett på Slettvikane med vilkår om at Fylkeskommunen skulle detaljprosjektare den nye parkeringsplassen. I løpet av sommaren 2023 kom toalettet opp og hausten 2023 vart det utarbeidd skisser til landskapsplan på Slettvikane av arkitektkontoret Henning Larsen AS.

Nasjonalparkstyret har sett av tiltaksmidlar til både toalett, oppgradering av parkeringsplass og naturrestaurering av parkeringsplassen på austsida av vegen. Midlane blir overført til Møre og Romsdal Fylkeskommune som står for det utførande arbeidet, samt har ansvar for drift av toalettanlegget jf. avtale.

Det er heimel for opparbeiding av rasteplass i verneforskrifta, men i forvaltningsplanen står det at det ikkje er høve til oppstilling av bular og at desse skal visast til campingplassar utanfor landskapsvernområdet.

Formålet med dette tiltaket er å samle og etablere eit nytt informasjonspunkt og rasteplass til vestsida av rv 63 ved Slettvikane, samt tilbakeføre og revegetere området på austsida av vegen. Eksisterande driftsgarasje, informasjonspunkt, rastebenker og parkeringsplass skal fjernes frå austsida av fv 63 på Slettvikane og området skal revegeteres og tilbakeføres til natur.

På vestsida av vegen skal det settast opp ny nasjonalsparkinformasjon og etablerast rasteplass. Ein skal nytte stabbesteinar for å avgrense området der bilar kan køyre og parkere, for å unngå at bilane køyrer ut i terrenget og skadar vegetasjonen.



Bilete frå Kløvstien. Eksempel på kordan ein kan avgrense parkeringsplassen og organisere bilar.
Foto Mari Melbø Rødstøl

Om det er nok tiltaksmidlar skal det og etablerast grue for å unngå at det blir laga bål plassar på fleire stader i terrenget, noko vi ser blir gjort i dag.

Grunneigarane er usamde i storleiken på parkeringsplassen på landskapsskissa og skal bli med nasjonalparkforvaltar på synfaring saman med fylkeskommunen for å sjå på gode løysingar. I vilkåra til dispensasjonen står det at endeleg utforming kan bli endra i felt i samråd med nasjonalparkforvaltar. Det er i skissene tatt høgde for at bobilar kan parkere, samstundes som det ikkje er lagt til rette for ein bobilparkering. Dette betyr at det er litt mindre parkeringsareal samanlikna med parkeringsplassar som er tilrettelagde for bobilar. Det er frå kommunens sida vedteke at dei ikkje ynskjer ein bobilparkering på Slettvikane og i forvaltingsplana står det at det ikkje er *høve til oppstilling av bubilar og at desse skal visast til campingplassar utanfor landskapsvernområdet.*

Grunneigarane ynskjer også betre plass for bussar til å parkere. Det skal i fylgje Fylkeskommunen leggjast til rette for at bussar kan køyre til side og sette av, eller ta på folk på Slettvikane. Det er ikkje ønskeleg at turistbussar kan stoppe på Slettvikane då dette kan generere meir tråkk og forsøpling i verneområdet.

Garasjen som Fylkeskommunen eig skal fjernast frå landskapsvernområdet. Møre og Romsdal Fylkeskommune har tilbudd grunneigarane å overta garasjen om dei sjølv sørger for flyttinga. Grunneigarane ynskjer å eige garasjen, men at den skal stå ved sidan av toalettet på Slettvikane (som i skisse alt 1). Grunneigarane meiner dei kan ha nytte av garasjen om den står der. Møre og Romsdal Fylkeskommune ynskjer ikkje å gje frå seg garasjen om den framleis skal stå på Slettvikane (jmf. Samtale med Ugelstad i Fylkeskommunen). Om garasjen skal stå ved sidan av toalettet vil den og ta fleire parkeringsplassar. For landskapsbilete er det betre at garasjen blir fjerna ut av landskapsvernområdet. Søknaden som blir behandla er i samsvar med siste skisse som vart laga av Henning Larsen AS der garasjen er flytta ut av landskapsvernområdet.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbasen. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Biolog frå *Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter* skal i samband med dette tiltaket synfare området og lage plan for naturrestaureringa som skal følgjast jmf. vilkår i saka. Kunnskapsgrunnlaget – naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

Påverkinga av økosystemet skal også vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for, jf. § 10. Dette tiltaket vil totalt sett forbetre landskapet og naturen på Slettvikane. Det skal ikkje byggast noko nytt, men utbetre grusplassen og definere parkeringsplassar slik at ikkje bilar køyrer ut i terrenget og skadar vegetasjonen. Parkeringsplassen på Austsida av vegen skal revegeterast og området langs elva der ein parkerer i dag skal også førast tilbake til natur. At driftsgarasjen blir flytta ut av verneområdet blir også ein forbetring av landskapsbiletet.

Oppgradering av parkeringsplassen kan derimot føre til meir besøk og meir slitasje og forsøpling i naturen sjølv om fasilitetane er til stades. Det er difor sett vilkår om at viss naturverdiane i verneområdet blir forringa ved å oppgradere parkeringsplassen på Slettvikane, kan forvaltningsstyresmakta krevje at toalettet blir fjerna og at parkeringsplassen blir stengt. SNO har satt opp ein ferdselstiller ved stien inn Langfjelldalen frå Slettvikane. Vi kan med desse resultatane følgje med på om det blir stor auke av trafikk inn i nasjonalparken etter at tiltaket blir ferdig. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er vurdert til ikkje relevant.

Det står i forvaltningsplanen at det kan søkjast om bygging av rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane gjennom prosjektet Nasjonal Turistveg. Nasjonal turistveg har sagt at dei ikkje har ynskje eller kapasitet til ein ny parkeringsplass, så det er Møre og Romsdal Fylkeskommune som har tatt på seg dette etter sterkt ønske frå Fjord kommune og grunneigarane. Vi vurderer det til at det ikkje har stor relevans for Reinheimen nasjonalparkstyre at det er Møre og Romsdal Fylkeskommune og ikkje Nasjonal turistveg som står som søkjar.

Tiltaket som er søkt om kan være med på å redusere forureining og forureining i området, revegetere skada natur og gje god informasjon om verneområdet og ferdselsråd ved å sette opp eit nytt informasjonspunkt. Tiltaka med å flytte alt av inngrep til vestsida av vegen, revegetere austida av vegen, fjerne garasjen frå verneområdet og avgrense parkeringplassen, vil totalt sett forbetre naturverdiane i området.

Vi vurderer at tiltaket vil gje større fordelar enn ulempar for verneverdiane og med dei vilkåra som er sett vil tiltaket ikkje stride mot verneføremålet for landskapsvernområdet